

Landskapsanalyse

Oppdragsgiver

Vågå kommune

Oppdrag

Landskapsanalyse Sjodalen

Rapport type

Konsekvensutgreiing

Prosjektnr.

16139

Dato

26.10.2016



Vågå kommune | Landskapsanalyse

 <p>nordplan arkitektur konstruksjon landskap</p>		Prosjektnr: 16139	Dato: 26.10.2016		
Status /Rev:	Rev. gjeld:		Dato:	Sign:	KS:
0	Utkast		26.10.2016	ØS	JD
1	Revisjon – beskriv.				
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 http://www.nordplan.no/		Kundeinformasjon: Vågå kommune Edvard Storms veg 2 2680 Vågå Kontaktperson: Laila Nersveen			
Ansvarleg for oppdraget: Nordplan AS		Prosjektleiar: Julie Daling			
Utarbeidd av: Øyvind Sødal Helene Rousell David Lawford		Sign: 			
Kontrollert av: Julie Daling		Sign: 			

Innhold:	side
1 Forord	4
2 Bakgrunn og mål for arbeidet	4
2.1 Kommuneplanen og mål for landskapsanalyse	4
2.2 Tidlegare arbeid	4
2.3 Organisering av arbeidet	5
2.4 Avgrensing av utgreiingsområdet	6
3 Metode	6
4 Anlays av 4 delområde i Sjodalen	8
4.1 Lokalisering av landskapet i Sjodalen	8
4.2 Klima	8
4.3 3D-modellstudie	8
4.4 Inndeling av delområde	9
4.5 Delområde 12 Sjodalshaugan	11
4.5.1 Fastsetting av landskapskarakter	11
4.5.2 Landskapsverdi	14
4.5.3 Konsekvens for delområde	14
4.6 Delområde 11 Nedre Sjodalsvatnet	16
4.6.1 Fastsetting av landskapskarakter	16
4.6.2 Landskapsverdi	19
4.6.3 Konsekvens for delområde	20
4.7 Delområde 3 Hoskelie	21
4.7.1 Fastsetting av landskapskarakter	21
4.7.2 Landskapsverdi	23
4.7.3 Konsekvens for delområde	24
4.7.4 Potensial for fortetting i eksisterende byggjeområde Hoskelie	27
4.8 Delområde 2 Maurvangen	29
4.8.1 Fastsetting av landskapskarakter	29
4.8.2 Landskapsverdi	30
4.8.3 Konsekvens for delområde	31
5 Vurderingar og tilråding for vidare arealplanlegging	33
5.1 Avsluttande drøfting	33
5.1.1 Samandrag av konsekvensar ved utbygging som foreslått i kommuneplan	33
5.1.2 Forslag til tiltak i kommuneplan	34
6 Kjelder	36

Vedlegg, temakart:

Områdeinndeling
Arealbruk
Landskapsregioner
Kulturhistorie
Utmarksressursar
Treslag
Skogbonitet / Jordbruk
Vegetasjon

1 Forord

Vågå kommune er i prosess med revidering av kommuneplanens arealdel. Det er komme innspel til ny arealbruk på tre delområde i Øvre Sjodalen. Kommunen har utarbeidd forslag til ny arealdel og denne har vore til offentleg ettersyn. Høyriksuttalene etterlyste utgreiing av landskapsverknad på utbyggingsforslaga i Indre Sjodalen. Landskapsanalyse er utarbeidd med mål om å gje eit utvida avgjerdsgrunnlag for politikarar i Vågå kommune, ved behandlinga av kommmuneplanen. Vågå kommune v/ Laila Nersveen og administrativt planforum i Vågå kommune har bidrige i gyldigheitstesting og relevante innspel underveis. Kommunestyret i Vågå fekk presentert hovudlinene i landskapsanalyse i møte 25.10.2016.

2 Bakgrunn og mål for arbeidet

2.1 Kommuneplanen og mål for landskapsanalysa

Omsynet til landskap er nemnt i plan- og bygningslova § 3-1 Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova, kor punkt b) m.a nemner sikring av kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø. Omsynet til landskap og kulturverdiar bør bli teke gjennom heilskapen i planlegginga og ei nyansert forvaltning av verdiane, kor ein søker å kombinere berekraftig bruk med trygging av de spesielle verdiane i eit område.

Den europeiske landskapskonvensjonen definerer eit landskap som *eit område, slik folk oppfattar det, hvis sær preg er eit resultat av påverknad frå og samspelet mellom naturlege og/eller menneskjelege faktorar. Landskap er en heilskap av naturgjevne og menneskjeskapte forhold og samspelet mellom desse.*

Vågå kommunes forslag til revidert arealdel til kommuneplanen inneheld forslag til to nye område for framtidig fritidsbustader; F06 - Russtangen og F07 - Hoskelie, i indre del av Sjodalen. Russtangen har i landskapsanalyse fått endra namn til Sjodalshaugan. Det kan og vera aktuelt å vurdere fortetting av eit område allereie utbygd med fritidsbustader; område F07E, som grensar mot det nye utbyggingsområdet. I same område er det også lagt fram innspel om å ta i bruk eit område ved Maurvangen til garasjeanlegg og tenestehybel/bustad.

Kommunen har m.a. gjennom motsegn til den føreslegne arealbruken avgjort å gjere ei landskapsanalyse for områda der hovudføremålet er å kartlegge dei landskapsmessige verknadene av tiltaka med utvida areal for fritidsbusettad i områda Russtangen og Hoskelie, samt tiltak ved Maurvangen.

Analysa har mål om å aktivere og bringe fram kunnskap om verdien av området og korleis tiltaka vil påvirke området, gjennom å;

- skildre landskapskarakter- og verdi på tiltaks- og influensområdet
- komme fram til alternative løysningar og form av tiltaka og tilpassing av desse i landskapet
- skildre konsekvensen av tiltaka på landskapet.

Landskapskarakter, nær og fjernverknad, verdi og konsekvens blir skildra gjennom tekst og illustrasjon, og følgjer metodikk for landskapsanalyse i kommuneplan utvikla av Miljødirektoratet og Riksantikvaren. Landskapsanalysen er meint å utfylle kommuneplanens konsekvensutgreiing og er tilpassa plannivået. Målsettinga skal forstås slik at denne har fokus på overordna landskapsstruktur, at den er etterprøvbar og eigna til kommunikasjon i planprosessen og peikar ut relevante landskapsomsyn som må takast i seinare plannivå.

2.2 Tidlegare arbeid

Da kommuneplanen var ute til offentleg ettersyn var denne lagt fram med ei konsekvensutgreiing. Frå konsekvensutgreiinga er det knytt følgjende skildring knytt til tema landskap:

Russtangen (i landskapsanalysa Sjodalshugan):

Landskap	Ligg i eit område der det er noko spreidd hyttebusetnad og eit større område som nyleg er regulert, Sjodalen fjellgrend.	Området vil forandre seg, men området grenser til eit større område som er regulert, slik at området vil allereie vere påverka av hyttebusetnad.	Nøytralt
-----------------	--	--	----------

Hoskelie:

Landskap	Det ligg fleire eksisterande hytter i området. Terrenget er skogkledd.	Vil gje auka inngrep i terrenget og urbanisere området meir. Bør vurdere om det er behov for landskapsanalyse.	Nøytralt/Negativt
-----------------	--	--	-------------------

Innspelet som omhandlar garasjeanlegg og tenestehybel/bustad ved Maurvangen kom inn som eit innspel til planarbeidet ved 1. gongs høyring. Det innspelte området er difor ikkje å finne i konsekvensutgreiinga som dei andre utbyggingsforsлага, men heng i landskapet saman med Hoskelie-Maurvangen-området.

Rambøll gjorde i 2011 ei landskapsvurdering for området Gjendeosen – Reinsvangen på oppdrag for Nasjonale turistveger (Statens vegvesen) i forbindelse med reguleringsplan for dette området. Det vart utgreidd utvida parkeringsanlegg og nytt sørvisbygg ved Reinsvangen, som ligg i vår analyse sitt influensområde og landskapsrom. Dei samla tiltaka peikte på ein litt negativ konsekvens for landskapsbildet, og vart regulert med nokre avbøtande tiltak.

2.3 Organisering av arbeidet

Arbeidet med landskapsanalysa har vore gjennomført i perioda Juli-september 2016. Nordplan AS har hatt ansvar for innsamling av data, synfaringar i felt og illustrasjonsarbeid. Det har vore 3 møter med oppdragsgjevar underveis i arbeidet.


Oppstartsmøte med Vågå kommune	06.07.2016
Synfaringar	23.08.2016
Midtvegsmøte, gjennomgang av verdisatt landskapskarakter med Vågå kommune	14.09.2016
Presentasjon av analyse (Kommunestyret)	25.10.2016

Vågå kommune, har stilt med referansepersonar til arbeidet v/ Laila Nersveen Ingunn Moen Helland og Pål Inge Sanden.


I Nordplan AS har arealplanleggar Øyvind Sødal gjort analysearbeidet, synfaringar utført med landskapsarkitekt Helene Rousell som og har hatt ansvar for illustrasjonar m.v.
Landskapsarkitekt David Lawford hatt ansvar for utarbeiding av digital 3D-modell.

Kvalitetssikring av arbeidet er utført av landskapsarkitekt og fagansvarlig for arealplan, Julie Daling.

2.4 Avgrensing av utgreiingsområdet



Figur 1. Oversiktskart som syner analyseområdets plassering. Kart fra norgeskart.no.



Figur 2. Oversiktsflyfoto på terrenghodet av området, med avgrensning av prosjektoråde (gult).

3 Metode

Landskapsanalyse nyttar «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan», Direktoratet for naturforvaltning og Riskantikvaren (2011). For overordna landskapskarakterisering vert det brukt Nasjonalt referansesystem for landskap (Puchmann, O. 2005). I områdeinndelinga og temaskildringane brukast, generelle kunnskap om området (t.d. kommuneplan, tidlegare utførte utgreiinger, lokalkunnskap, mv.), flybilder/ortofoto, og temakart for geologi, lausmassar, vegetasjonskart, naturtypekart, vassdragskart, kulturminnekart. Sentrale temakart

er vist til undervegs i rapporten og desse følgjer som vedlegg. Enkelte eksterne fagrapporter er nytta og referert til undervegs.

Metodikken til direktoratet for naturforvaltning og Riksantikavaren byggjer på ei målsetting om at ei landskapsanalyse skal skildre landskapskarakteren med dei kjenneteikna og den kunnskap om området, slik det vert oppfatta av folk. Det er eit uttykt mål at analysa skal vera etterprøvbar og attkjennande for meiningsberarar som kanskje og er godt kjent i planområdet. På denne måten håper vi at analysa har relevans som diskusjonsgrunnlag for involverte partar i arbeidet, m.a. i høringsfasane til kommuneplan.

Analysen er gjennomført i 5 fasar:



Figur 3. Fasane i landskapsanalyse og konsekvensutgreiing. (Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren, 2011.)

Fase III og IV er dei sentrale bestanddelane i landskapsanalysa. Kunnskapen som er samla inn i Fase I og II kategoriseres og blir strukturert slik at kvart delområde som er utgreidd får ein verdisett landskapskarakter. For denne struktureringa nyttes tilrådde og vidareutvikla skjema for fastsettning av landskapskarakter og verdi av kvart delområde.

Fase V vurderer kva konsekvensar arealbruksendringane vil få for landskapet. Den verdisette landskapskarakteren blir nytta vidare gjennom eksponeringsillustrasjoner, nær- og fjernverknad og ringverknad/omfang av kvart delområde. Graden av konsekvens er ei samanstilling av verknad for landskapskarakter og verdi for delområdet. Det blir gitt eventuelle føringar og forslag for neste plannivå, eller foreslått alternativ utnytting og tilråding av t.d. utbyggingsrekkefølge, form- og materialval. Til sist blir konsekvensane diskutert i ein større samanheng der alle arealbruksendringane inngår samla.

Verknad Verdi	Stor negativ verknad	Middels negativ verknad	Liten negativ verknad	Positiv verknad
Svært stor verdi	Svært store negative konsekvensar ----	Store negative konsekvensar ---	Middels negative konsekvensar --	Positive konsekvensar
Stor verdi	Store negative konsekvensar ---	Store negative konsekvensar ---	Middels negative konsekvensar --	Positive konsekvensar
Middels verdi	Middels negative konsekvensar --	Middels negative konsekvensar --	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar
Liten verdi	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar
Ubetydeleg verdi	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar

Figur 4. Grad av konsekvens.

4 Anlayse av 4 delområde i Sjodalen


4.1 Lokalisering av landskapet i Sjodalen

Sjodalen er dalføret der Sjoa renn frå Gjende i Jotunheimen og Nord-astover i retning Randsverk. Området er sterkt knytt til vassdraget Sjoa, og Sjodalsvatnet som knyt landskapet saman. Landskapet i Sjodalen er plassert i landskapsregionen Fjellskogen i Sør-Norge, underregion Tesse/Vinstri, sjå temakart landskapsregioner. Vegetasjonen dekker gradienten frå lågfjellskog der furua dominar i lågare parti, jo høgare ein kjem i dalen jo meir dominar bjørka og går gradvis over til fjellbjørkeskog og snaufjell. Fv. 51 går gjennom dalføret og er ei viktig kommuneikasjonsåre, vegen har ein utprega og sesongbasert turisttrafikk, og er ein av dei nasjonale touristvegane i Norge.

Kulturelt tilhøyrer Sjodalen eit område med stor tidsdjupne. Fleire spor etter svært gammal bruk, t.d. fangstanlegg for rein er synlege (sjå temakart kulturhistorie). Utmarksressursane er framleis i dag ein svært viktig kvalitet med området (sjå temakart utmarksressursar). I tillegg har området i nyare tid fått ein tydelegare bruk innan fritid/opplevinagar og fjellturisme, ofte knytt opp til Jotunheimen nasjonalpark. I Sjodalen har det vore etablert turisthytter i lang tid. Annan bebyggelse har historisk vor knytt til setring, fjellfiske og jakt, men i seinare tiår i meir fritids bruk. Utbygginga er forholdsvis lågmælt og beskjeden, og har ikkje i stor grad endra landskapet i ein overordna samanheng.

4.2 Klima

Nedbørs- og temperaturnormal for perioda 1961 -1990 er henta frå målestasjon ved Hindseter, ca. 7 km. frå analyseområdet.



Figur 5. Nedbørs- og temperaturnormal 1961 -1990 for Hindseter, Vågå kommune. Data er henta frå <http://eklima.met.no>.

4.3 3D-modellstudie


Det er utarbeidd ein 3D-modellstudie kor dei foreslalte utbyggingsområda er teikna inn. Modellen er eigna på kommuneplannivået, med ein detaljeringsgrad som framhevar terrengrform og landskapselement som vatn og høgdeforskjellar. Vegetasjon er berre unntaksvis teke inn i modellen, da denne ville gjeve ein mindre tydeleg landskapsform. Modellen må difor sjåast i samanheng med fotografi teke i delområda.




Figur 6. Utklipp av 3D-modell med foreslåtte utbyggingsområde

4.4 Inndeling av delområde

Vi har delt inn landskapet i 13 delområde. Vi vurderer det slik at det er i alt 4 delområde som vil bli direkte berørt av den foreslåtte utbygginga.



Figur 7. Delområde i landskapsanalysa.

Foreslått ubyggingsomåde	
Sjodalshaugen, F06 	Vil føre til verknad for: Delområde 12 Delområde 13
Hoskelie, F07 	Vil føre til verknad for: Delområde 3
Maurvangen 	Vil føre til verknad for: Delområde 2

Dei andre delområda vil ikkje bli påvirkta i særskilt grad av utbyggingsforsлага. Landskapsanalysa konsentrerer seg difor om å fastsette karakter, verdi og konsekvens for desse 4 delområda. Dette gjennomgåast i dei følgjande kapitla. I kapittel 5 kor vurderingar og tilråding for vidare arealplanlegging blir drøfta, aukast «flyhøgda» slik at landskapet (alle delområda) vert sett i samanheng.

4.5 Delområde 12 Sjodalshaugan

4.5.1 Fastsetting av landskapskarakter

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landform og vatn	Området Sjodalshaugan ved Russtangen er ein skogkledd kolle skrånande mot nord-aust. Delområde er tydeleg avgrensa av elvane Sjoa i aust, og Russa i vest. Nedre Sjodalsvatnet er naturleg avgrensing i sør.	Middels
Vegetasjon	Furuskog av låg bonitet. Ein del innslag av store, gamle tre med høg verdi, og naturleg felte tre. Spreidd lauvtrevegetasjon i blautare parti, og i området mot Nedre Sjodalsvatn og Heimsanden. Sjå temakart Treslag. Nokre parti med bart fjell (bergknattar og store steinar).	Stor
Arealbruk og bebyggelse	Hytteområde under bygging i nord-austre del av delområdet. Spreidde hytter i overgangen mellom Sjodalshaugan og strandsona til Nedre Sjodalsvatn. Campingplassen ved Heimsanden kan vera naturleg stoppestad og/eller utgangspunkt.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Området ber preg av lite historisk bruk. Skogen kan ha vore attraktiv som tømmerskog for uttak av tømmer da dette er siste større skogsområde før fjellet. Vegbygginga med bru over Sjoa ca 1940, ga området ny tilkomst.	Middels
Kulturelle referanser	Valdresflye, Gjende og Besseggen er nasjonalt kjente landskap. Landskapet er knytt til Jo Gjende med gamal jakt og fiskekultur, og Besseggen og Aust-Jotunheimen som er utbredt mål i næringsutvikling innan fjellturisme.	Liten
Romlig-estetiske forhold	Skrånande landskapsrom mot nord og nord-aust. Landskapet er i forholdsvis liten skala, med korte siktlinjer på grunn av tett og høg vegetasjon. Konveks form. Visuelt liten kontakt med Sjoa på grunn av den tette skogen. Barskogen vil gjere at dette er gjeldande også i vinterhalvåret. På ein mindre skala er skogen prega av mykje terregenvariasjonar, og korte, bratte relieff. «Eventyrskog»	Liten/middels
Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	Eldre, sakteveksande furuskog som i enkelte parti står urørt.	Middels
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, anna utmarksbruk	Skogen blir driven med låg intensitet. Skog med lav bonitet (sjå temakart skogbonitet og jordbruk)	Liten
Bygge- og anleggsvirksemド Transport	Hytteområde under bygging i Nord-Austre del av delområdet, utbygginga utgjer i dag ei ganske stor endring samanlikna med tidligare	Liten/middels

	tids endringstakt. Fv. 51 er hovudtransportåre gjennom delområdet.	
Sammenheng og brot		
Geografiske og romlege	Området har utprega, tørr furuskog med tett lyngvegetasjon i botn. Litt uoversiktleg landskap på grunn av den tette skogen. I Sjodalen er området å finne i overgang mellom denne og fjellbjørkeskogen høgare opp, som er eit opnare landskap, der vegetasjonen må tolke meir stress av vær/vind og temperaturpåkjenning.	Middels
Funksjonelle	Ligg tett plassert inntil infrastruktur og transportåra gjennom Sjodalen. Den nye fritidsbebyggelsen kan tolkast som eit funksjonelt brot.	Liten/middels
Historiske	Sjoa har eit flomløp (Turrsjoe). Dette elveløpet er tørt delar av året, men med stor vassføring i Sjoa kan det også vera vassføring i Turrsjoe. Den igangsette utbygginga av hyttefeltet ned mot Sjoa og Gamle Griningsdalsvegen er påbegynt i seinare år og har endra utviklingsretninga for landskapet.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte Nøkkelement	Sjoa er viktigste enkeltelement i dette landskapet. Til ein viss grad vil Turrsjoe (sjå over) også vera ein framtredande landform i området. Griningsdalskampen er eit markert fjell i aust som i fleire delar av området kan fungere som eit orienteringspunkt.	Middels
Menneskjeskapte nøkkelement	Campingplassen ved Heimsanden er i dag det framtredande nøkkelementet.	Liten/middels
Landskapskarakter: Skogsområde med tørr furuskog med innslag av lauvtre, som er tydeleg avgrensa av Sjoa i aust, Heimsanden og Nedre Sjodalsvatnet i sør og Fv. 51 i vest. Området er kupert og har innslag av bergknusar og gamle, store furutre. Den pågående utbygginga av Sjodalen hyttegren, utgjer ei tydeleg endring av landskapet i nyare tid, men på grunn av korte siktlinjer er ikkje utbygging veldig synleg.		



Figur 8. Bilde frå skogen på Sjodalshaugan (Delområde Sjodalshaugan)



Figur 9. Bilde frå landskapet ved Turrsjoe (Delområde Sjodalshaugan)

4.5.2 Landskapsverdi

Verdikriteria	*	**	***	****	*****	Grunngjeving
Mangfold og variasjon		x				Området er prega av tett furuskog, med korte relieff og siktlinjer.
Tidsdjup og kontinuitet			x			Området historisk ein del brukt, men tydelegare visuelt er ny bruk til hyttebebyggelse. Turrsjoe som flomløp til Sjoa representerar landskap med stor tidsdjupne.
Heilskap og samanheng				x		Delområde er siste del av de større, samanhengande barskogen i Sjodalen. Overgangssona til fjellbjørkeskogen utgjer ein heilskap i vegetasjonsgradienten mot fjellet.
Brudd og kontrast			x			Sjoa danner brot i kanten av delområdet. Hytteområde under bygging bryt i nokon grad med den tette skogen, da tiltaka har medført ein del hogst.
Tilstand og hevd		x				Størsteparten av området er utan hevd og styrt av naturlege prosessar. Utbygd del bryt med dette, men må sjåast i samanheng med verdien som ny bruk tilfører.
Inntrykkstyrke og utsagnskraft		x				Landformen og den tette vegetasjonen har i seg sjølv forholdsvis liten inntrykksstyrke. Store, gamle furutre tilrekker seg merksemrd.
Lesbarheit		x				Den tette vegetasjonen og konveks landform gjer at landskapet er vanskeleg lesbart. Griningsdalskampen og Sjoa kan fungere som orienteringselement. I stor skala kan vegetasjonsgradienten mellom dal og fjell lesast gjennom Sjodalen.
Tilhørighet og identitet		x				Sjodalen som ressursgrunnlag blant folk busett i dalane er med på å skape tilhørighet til landskapet. Lokalt er det foresleg utbyggingsområdet lite brukt. Ny bruk til fritidsformål kan potensielt skape tilhørighet til området i mindre skala.
Samla verdi med grunngjeving: Middels verdi						
Landskapet er prega av tett vegetasjon, og at det har ein konveks form gjer det litt vanskeleg lesbart. Turrsjoe og dei store furutrea er med på å auke verdien for området i liten skala, i ein større skala er det funksjonen i ein større landskapssamanhang som gjev området verdi. Det ligg ein potensiell meirverdi som kan realiseraast gjennom ei godt planlagt utnytting til fritidsbusetnad.						

4.5.3 Konsekvens for delområde

Utbyggingsområdet på Sjodalshaugen er gitt si avgrensing i forslag til kommunedelplan. Det er ønskje om å legge til rette for utviding av eksisterande hyttefelt (Sjodalen Fjellgrend). Arealet som er foreslått til utbyggingsområde er om lag 350 daa, og det er antatt at området kan byggjast ut med ca 70 fritidsbustader.


Ein illustrasjon av ei framtidig utbygging av området er gjort under. Vi ser tydeleg den konvekske landskapsformen der det foreslårte utbyggingsområdet vender seg i to forskjellige retninger. Dette er bakgrunnen for at vi har vurdert at utbygginga potensielt vil påvirke to delområde; Sjodalshaugan (omr. 12) og Nedre Sjodalsvatn (omr. 13). Illustrasjonen må sjåast i samanheng med skildring av vegetasjon som har stor betydning for landskapskarakteren for utbyggingsområdet. Det er anslått høgde på skogen på 6-10 meter.



Figur 10. Utbyggingsområdet Sjodalshaugan.

Skildring av verknad på landskapskarakteren

- Direkte arealinngrep: Eit område på opptil 350 daa vil bli omgjort til byggjeområde for fritidsbustadar med internvegar.
- Visuell fjernverknad: Fritidsbebyggelsen vil på mange måtar vera eit brot med skogsområda, men og ein samanheng fordi annan utbygging er lokalisert i nærområdet. Både eksisterande hytteområde, Sjodalen fjellgrend og campingplassen er med på å danne samanheng i utbygginga. Frå nord vil fjernverknaden vera avgrensa grunna tett, vintergrøn vegetasjon. Denne er såpass grov og tett at ein kan vente at denne vil «skjule» ny bebyggelse også etter at delar av skogen vil bli fjernet på tomteområde og i vegliner.



Figur 11. Illustrasjon av fjernverknad frå Nord



Figur 12. Illustrasjon av nærverknad frå vest

- Nærverknad: Området vil bli delt opp av veglinjer og tomteområde. Den tette skogen vil generelt endre karakter og bli opnare, med innslag av opne felt og siktlinjer. Detaljering av tomteområde og internvegar må gjennomførast forsiktig i høve ivaretaking av store tre som kan vera viktige for staden sin identitet. Høgdedraget som utgjer den høgastliggende delen av området er noko sårbar for flatehogst da større samanhengande hogst her kan gi brot i horisontlina som blir tydelege internt i felta. Området vil bli meir tilgjengeleg for ferdsel da ein venter at internvegar og turvegar vil bli etablert i utbyggingsområdet.

Liten negativ verknad på delområdet sin landskapskarakter

Samanholdt med verdien av delområdet; **Middels verdi**, gjer at utbyggingsforslaget vurderast til å ha: **Små negative konsekvensar (-)**.

4.6 Delområde 11 Nedre Sjodalsvatnet

4.6.1 Fastsetting av landskapskarakter

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landform og vatn	Nedre Sjodalsvatnet utgjer eit tydeleg landskapsrom der vassflata er «golv».	Stor
Vegetasjon	Strandsona er stort sett skogkledd, med innslag av opnare areal med myr ned mot vatnet. Furuskog av låg bonitet, og blandingsskog, særleg mot tregrensa. (Sjå temakart skogbonitet og jordbrukskarta). Vegetasjonen oppleves som meir ope her enn i skogen ved Sjodalshaugane/Russtangen.	Middels
Arealbruk og bebyggelse	Spreidde hytter i overgangen mellom Sjodalshaugan og strandsona til Nedre Sjodalsvatn. Campingplassane ved	Liten/middels

	Heimsanden og Postfuru kan vera naturleg stoppestad og/eller utgangspunkt.	
Kulturhistoria i landskapet	Området er prega av primærnæring, försanking eller fangst. I nyare tid fritids og turistnæring. Spredt hytte- og naustbebyggelse langs vatnet tyder på tidlegare tids bruk. Campingplassen ved Heimsanden og Postfuru er ein nyare form for fritids- og turistverksemd som knyttes til området.	Liten/Middels
Kulturelle referanser	Valdresflye, Gjende og Besseggen er nasjonalt kjente landskap. Landskapet knyttes til Jo Gjende med gammel jakt og fiskekultur, og Besseggen og Aust-Jotunheimen som er utbredt mål i næringsutvikling innan fjellturisme.	Liten
Romlig-estetiske forhold	Landskapet er i middels skala, da «golvet» Nedre Sjodalsvatn er ganske stort i forhold til det visuelt synlege landskapet rundt. Overgangsøra i vasskanten er viktig for opplevelsen av landskapsrommet. Landskapsrommet har ein konkav form. Området har lange horisontliner mot sør og sørvest innover i høgfjellet i aust-jotunheimen.	Middels
Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	Landskapsformen har lite preg av aktive naturprosesser.	-
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, anna utmarksbruk	Lite preg av moderne skogsdrift. Området har utstrakt bruk i form av reindrift (Vågå tamreinlag), fritidsfiske, og med båt.	Liten
Bygge- og anleggsvirksemdu Transport	Ingen visuell kontakt mellom dette landskapet og pågående utbygging av hytteområde ved Russtangen. Fv. 51 er hovudtransportåre gjennom delområdet.	Liten
Sammenheng og brot		
Geografiske og romlege	Oversiktleg landskap, med litt utsynleg avgrensing mot nordaust mot Birisjøen. Griningsdalskampen er tydeleg orienteringspunkt i denne retningen. Elveosene i Sjoa er urørt av tekniske inngrep, fordi bruene både på Griningsdalsvegen og gamle Griningsdalsvegen er å finne eit stykke frå Nedre Sjodalsvatnet.	Middels
Funksjonelle	Fv. 51 gjennom Sjodalen er funksjonell samanheng, Griningsdalsvegen på sørsida av vatnet (med bru over Sjoa ved Gammelosen) er funksjonell samanheng mot aktive setre og fritidseigedommar i Griningsdalen.	Liten
Historiske	Landskapet ber lite preg av bruken, men har ein lang historisk bruk med utmarksressursar t.d. jakt og fiske samt skogbruk. Dokumentert steinalderbuplass og gamle naustmiljø er med på å dokumentere dei lange linene i bruk av fiskevatna. Noko påvirka av seinare tiårs bruk	Liten/Middels

	av hytteeigedommar og tilrettelegging for camping/caravan.	
Nøkkelelement		
Naturskapte Nøkkelelement	Nedre Sjodalsvatnet er det tydelegste naturelementet for området. Underordna vassflata er inn- og utes for Sjoa, viktige element. Grinigsdalskampen som orienteringspunkt i aust.	Stor
Menneskjeskapte nøkkelelement	Campingplassene ved Heimsanden og Postfuru.	Liten/middels
<p>Landskapskarakter: Området er prega av vassflata Nedre Sjodalsvatn og med den skogkledte strandsona rundt vatnet gjev denne eit lesbart og oversiktleg landskap med heilskapleg preg. Området ber lite preg av lang tids utmarksbruk. Skogen langs land skjuler i stor grad dei tekninske inngrepa i form av fritidsbebyggelse og infrastruktur. Området er lett tilgjengeleg med Fv.51, gamle Grinigsdalsvegen og Grinigsdalsvegen (både med bruer over Sjoa), samt campingplassene ved Heimsanden og Postfuru, som gjev funksjonell tilgang til områda.</p>		
		
<p>Figur 13. Bilde frå Nedre Sjodalsvatn med eldre naustbebyggelse (Delområde Nedre Sjodalsvatn)</p>		



Figur 14. Bilde frå Nedre Sjodalsvatn. Griningsdalskampen er ein markert terrenghform i aust. Delområde Nedre Sjodalsvatn.

4.6.2 Landskapsverdi

Verdikriteria	*	**	***	****	*****	Grunngjeving
Mangfold og variasjon			x			Området preges av vassflata på Nedre Sjodalsvatn som «golv» i landskapsrommet. Vatnet og strandsona, saman med elveos gir landskapet ein viss grad av mangfold og variasjon.
Tidsdjup og kontinuitet				x		Lang historisk bruk med utmarksressursar t.d. jakt og fiske samt skogbruk. Dokumentert steinalderbuplass og gamle naustmiljø er med på å dokumentere dei lange linene i bruk av fiskevatna
Heilskap og samanheng				x		Sjoavassdraget med Nedre Sjodalsvatnet er lite rørt av moderne inngrep.
Brudd og kontrast		x				Tilgjenge til landskapet, spesielt austsida av Sjoa styrast av bruver og tilgjenge via Griningsdalsvegnene.
Tilstand og hevd						Beskjeden bruk og tilstand er i stor grad knytt til naturlege prosessar.
Inntrykkstyrke og utsagnskraft				x		Vassflata på Sjodalsvatnet med strandsone trekk til seg mest merksemd. Innos og utos av Sjoa er vektlagt i verdivurderinga.
Lesbarheit				x		Det samanhengande vassdraget med vatnet gjev landskapsrommet lesbarheit. Det er lange horisontliner mot sør og sørvest innover i høgfjellet i Aust-Jotunheimen.


Tilhørighet og identitet				x		Sjodalen som ressursgrunnlag blant folk busett i dalane er med på å skape tilhørighet til landskapet. Det er nokre få, men viktige spor etter bruk over svært lang tid.
Samla verdi med grunngjeving: Stor verdi Landskapet har verdi knytt til vassdragsnatur i eit vassdrag utan særlege inngrep. Noko ny bruk innan turist- og fritidsformål er å finne i landskapet, men er av eit omfang som ikkje påverkar landskapets verdi i særleg grad. Tiløyrigkeit og identitet knytt til lang historisk utnytting av utmarksressursane, og særskilt fisket i Sjodalsvatna er vektlagt og gjev området stor verdi.						

4.6.3 Konsekvens for delområde

Arealet som er foreslått til utbyggingsområde er om lag 350 daa, og det er antatt at området kan byggjast ut med ca 70 fritidsbustader. Det foreslårte utbyggingsområdet vender seg i to forskjellige retningar. Dette er bakgrunnen for at vi har vurdert at utbygginga potensielt vil påvirke to delområde; Sjodalshaugen (omr. 12) og Nedre Sjodalsvatn (omr. 13) Her forkuserast på konsekvens for delområde 13.

Skildring av verknad på landskapskarakteren:

- Direkte arealinngrep: Eit område på opptil 350 daa vil bli omgjort til byggjeområde for fritidsbustadar med internvegar.
- Visuell fjernverknad: Fritidsbebyggelsen ned mot vatnet finst i noko omfang allereie i dag. Fjernverknaden vil vera påverka av tett, vintergrøn vegetasjon, men både horisontlinja sett frå vassflata på Nedre Sjodalsvatnet og strandsona ned mot vatnet er temmeleg sårbar for uttak av skog for etablering av tomteområde.



Figur 15. Illustrasjon av fjernverknad fra Sør. Nedre Sjodalsvatn i forgrunnen.

- Nærverknad: Verknaden det forslårte utbyggingsområdet vil ha for delområde Nedre Sjodalsvatn vil i stor grad henge saman med kva grad av utbygging ein legg opp til ned mot strandsona, og i framskråninga ned mot vatnet. Etablering av vegliner og tomteområde i denne framskråninga vil føre til at stranda mot sør vil endre karakter frå svakt utnytta til ei meir utbygd strandsone.

Liten negativ verknad på delområdet sin landskapskarakter

Samanholdt med verdien av delområdet; **Stor verdi**, gjer at utbyggingsforslaget vurderast til å ha: **Middels negative konsekvensar (- -)**.

4.7 Delområde 3 Hoskelie

4.7.1 Fastsetting av landskapskarakter

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landform og vatn	Ope landskap som strekk seg mot fjellet og tregrensa. Enkelte parti er helt opne rabbar og flater. Nedre del av området omfattar vassdragslandskapet i Sjoa og Øvre Sjodalsvatnet. Lia er orientert mot nord-vest og har nokre låge høgdedrag som går langs etter lia. Nokre mindre tjønner og myrdrag.	Stor
Vegetasjon	Fjellskog dominert av bjørk der botnvegetasjonen varierer mellom rik, med gras og urter til fattig med mose og lav. Sjå temakart treslag. Vegetasjonen ber preg av at det opne landskapet er vindeksponert. Dette fører til ulike former for stress som påverker området som vekseplass for plantar, td. jorderosjon, frysetøring og mekanisk slitasje.	Stor
Arealbruk og bebyggelse	Fritidsbebyggelse i søre del av området, nærmest Maurvangen og Sjoa. Hoskelivegen går frå Maurvangen, langs Sjoa og austsida av Øvre Sjodalsvatn til omtrent midt på vatnet. Langs denne aksen og i strandsona til vatnet er det spreidd fritidsbebyggelse, buer og naust.	Liten/middels
Kulturhistoria i landskapet	På den flate elvesletta på austsida av Sjoa ligg eit samanhengande fangstanlegg for rein. Anlegget er plassert i tilknyting til ein vadestad over Sjoa og er frå før reformasjonen. Nærare notid er nokre mindre buer og naust Bamfordnaustet og Råstadhytta teken i bruk, knytt til fiske og fangst. Sjå temakart utmarksressurser og temakart kulturhistorie. Frå 80-talet og fram mot i dag er den sørvestlege delen av området bygd ut med fritidshytter. Dei fleste hyttene har enkel standard. Bilveg og straum, samt vasspostar er etablert til dei fleste hyttene.	Middels/Stor
Kulturelle referanser	Valdresflye, Gjende og Besseggen er nasjonalt kjente landskap. Landskapet knyttes til Jo Gjende med gammel jakt og fiskekultur, og Besseggen og Aust-Jotunheimen som er utbredt mål i næringsutvikling innan fjellturisme. Da det rundt 1000-årskiftet vart lagt ut 30 tomter i hytteområdet for bortfeste, var det svært stor interesse for tildeling av tomtena, noko som undebrygger sterk, kulturell referanse til området.	Stor
Romlig-estetiske forhold	Landskapet er i middels skala, og Øvre Sjodalsvatn og Sjoa er referanse for landskapet	Middels

	rundt. Overgangssona i vasskanten er difor viktig for opplevelsen av landskapsrommet. Den skrånande formen, kombinert med ope vegetasjonen strekker seg fra snaujellet og ned til vatnet/elva gjer at området er temmeleg eksponert frå landskapet omkring.	
Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	Vindeksponering, viderosjon, framherskande vindretning frå vest.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, anna utmarksbruk	Beitebruk til sau og reindrift, viktig flyttveg for tamreindrift. Sjå temakart utmarksressursar. Fiske i Øvre Sjodalsvatn er attraktivt.	Middels
Bygge- og anleggsvirksemde Transport	-	-
Sammenheng og brot		
Geografiske og romlege	Oversiktleg og ope skrånande landskap. Området er prega av ein spredt fritidsbebyggelse med enkel standard. Veger i området er bygd skånsomt i terrenget. Fortetting vil i større grad enn utviding av området kunne prege det geografiske og romlege inntrykket av området.	Middels/stor
Funksjonelle	Den historiske bruken er beholdt. Det har skjedd ei transformering av bruken av området i retning fritidbusetnad i dei seinaste 30 åra. Fritidsbebyggelsen kan tolkast som eit funksjonelt brot.	Middels
Historiske	Vadested over Sjoa med fangstanlegg på elvesletta. Området er framleis i bruk som flyttområde for rein. Eksisterande fritidsbebyggelse byggjer i stor grad på småhytter for fjellet, som er ei forsiktig modernisering av eldre buer og naust. Tømra konstruksjon og tak som er tekka med torv eller skifer er typisk for byggjesikken.	
Nøkkelement		
Naturskapte Nøkkelement	«Tangen» som er Sjoas utsos i Øvre Sjodalsvatn. Ein har siktiner over vatnet mot Bessheim fjellstue.	Liten
Menneskjeskapte nøkkelement	Maurvangen er eit sentralt område som utgangspunkt for beøkjande til området. Bilbrua og gangbrua over Sjoa ved Maurvangen er også sentrale, menneskjeskapte nøkkelement.	Liten/Middels
Landskapskarakter:	Området karakteriseres av fjellbjørkeskogen i ei li som strekk seg frå snaujellet i sør og ned til Øvre Sjodalsvatnet. Det er generelt lange siktlinjer i delområdet og den skogkledde strandsona rundt vatnet gjer at landskapet er lesbart og oversiktleg med heiskapleg preg. Eksisterande bebyggelse og tiltak er i stor grad godt terrengtilpassa og innpassa i forhold til vegetasjon. Dette gjer at bebyggelsen i stor grad underordnar seg intrykka landskapet elles gjev. Området har ein del ein del kulturhistoriske og kulturelle referansar med tidsdjupne og der ein kan trekke linene fram mot dagens bruk av området. Det er sterke kulturelle referansar som knyttes til området, knytt til fjellturisme, med Besseggen, Valdresflye og Gjende som nasjonalt og internasjonalt kjende opplevingar.	



Figur 16. Bilde frå vassdragsnaturen i Sjoa. Flate, opne elvesletter med spredt bjørkeskog. (Delområde Hoskelie)



Figur 17. Eksempel frå ei hytte i Hoskelie er i stor grad tilpassa mot eksisterande terrenget, brutt opp i mindre volum. Vegetasjon inn på tomta er forsøkt behalde. (Delområde Hoskelie)


4.7.2 Landskapsverdi

Verdikriteria	*	**	***	****	*****	Grunngjeving
Mangfold og variasjon				x		Området representerer overgangssona i den øverste fjellbjørkeskogen i Sjodalen. Øvre Sjodalsvatn og Sjoa er sterke

						referanser som gjev variasjon. Vegetasjon prega av vindeksponering og tørke/snøleier gjev variasjon som er med på å auke verdien.
Tidsdjup og kontinuitet				x		Lang historisk bruk med utmarksressursar t.d. jakt og fiske samt skogbruk. Fangstanlegg for rein ved vadestad i Sjoa, som i dag er viktig flyttområde for tamrein er med på å markere tidsdjup til bruken av områder.
Heilskap og samanheng				x		Det er overgangssona mot fjellet som gjev størst samanhengsverdi. Vassdragsmiljøet er ikkje rørt av moderne inngrep, dette skapar viktig heilskap, og verdi over regional samanheng.
Brudd og kontrast			x			Areal med fritidsbebyggelse bryt noko i det samanhengande naturpreget, men slik bebyggelsen er plassert i terren og vegetasjon, beholdes naturpreget i stor grad.
Tilstand og hevd			x			Beskjeden bruk som og omfattar eksisterande fritidsbebyggelse. Denne er i forholdsvis enkel standard, og infrastrukturen knytt til bebyggelsen er godt tilpassa landskapet.
Inntrykkstyrke og utsagnskraft			x			Det er dei lange horisontlinene mot fjella i Aust-Jotunheimen som tiltrekker spesiell merksemd.
Lesbarheit				x		Det samanhengande vassdraget med vatnet gjev landskapsrommet lesbarheit. Det er lange horisontliner mot sør og sørvest innover i høgfjellet i aust-jotunheimen.
Tilhørighet og identitet			x			Sjodalen som ressursgrunnlag blant folk busett i dalane er med på å skape tilhørighet til landskapet. Det er nokre få, men viktige spor etter bruk over svært lang tid.
Samla verdi med grunngjeving: Stor verdi						
Landskapet har stor verdi knytt til vassdragsnatur og ovegangssone mot fjellet. Dei lange horisontlinene mot fjella i Aust- Jotunheimen er med på å auke verdien. Fritidsbebyggelse er av eit omfang og plassert slik at denne ikkje påverkar landskapets verdi i særleg grad, her er det spesielt veklagt at infrastrukturen knytt til bebyggelsen er godt landskapstilpassa. Det kulturhistoriske tidsdjupet, er lesbare og samanheng med dei naturgjevne premissane. Området er eigna til til å formidle sammenhengen mellom naturgrunnlag og ressursutnytting.						

4.7.3 Konsekvens for delområde

Arealet som er foreslått til utbyggingsområde er om lag 500 daa, og det er stipulert ei utbygging med ca 80 fritidsbustader. Det er vurdert at om lag 1/3 av arealet er eigna for hyttetomter.



Figur 18. Kartutsnitt som syner dekningsgrad av skog (grønt), av eit omfang som gjev moglegheit for tilpassing mot vegetasjon og terrenget.




Figur 19. Utbyggingsområdet Hoskelie

Skildring av verknad på landskapskarakteren:

- Direkte arealinngrep: Eit område på opptil 500 daa vil bli omgjort til byggjeområde for fritidsbustadar med internvegar. Utbygginga vil sjåast på som ei utviding av eksisterande hytteområde i Hoskelie. Ikkje alt av arealet er eigna til utbygging, og det er venta at ei utbygging vil bli definert av internt avgrensa område, og om lag halvparten av området vil få den direkte verknaden av å bli eit byggjeområde. Resten av arealet har ikkje vegetasjon i tresjiktet og vil vera ueigna til bygging. Innpassing av

bebyggelse mot vegetasjon vil direkte påvirke kor stor visuell verknad denne har internt i området. Området er viktig for utøving av friluftsliv og vil endre bruken av området. Fritidsbebyggelse vil vera eit brot mot at området i dag opplevast som eit samanhengjande naturområde frå Øvre Sjodalsvatnet mot fjellet, dette er her vurdert til å vera ei negativ påvirkning.




Figur 20. Illustrasjon av nærverknad ved utviding av hytteområde. Sett frå eksisterande hytteområde og inn mot foreslått utbyggingsområde (gult).

- Visuell fjernverknad: Det er generelt lange siktlinjer i delområdet og den skogkledte strandsona rundt vatnet gjer at landskapet er lesbart og oversiktleg, men gjev også låg toleranse for inngrep, da verknaden av små tiltak kan vera store. Fjernverknaden vil på same måte som internt i området bli påvirka av plassering av hytter mot vegetasjon. Takflater, oppbygg og fargar vil kunne endre den visuelle verkanden av området. Skjæring og fyllingsområde ifm terregnbearbeiding for veg, infrastruktur og planering av tomter vil vera synlege inngrep i området. Naturleg revegetering vil gå sakte i utbyggingsområdet.



Figur 21. Illustrasjon av fjernverknad frå Nord-vest. Perspektiv frå stranda nedanfor Bessheim.




Figur 22. Illustrasjon av fjernverknad frå Nord-vest. Perspektiv frå Gjendehalsen.

Middels negativ verknad på delområdet sin landskapskaraktär

Samanholdt med verdien av delområdet; **Stor verdi**, gjer at utbyggingsforslaget vurderast til å ha: **Store negative konsekvensar (- - -)**.

4.7.4 Potensial for fortetting i eksisterande byggeområde Hoskelie

Regulert areal for fritidsbebyggelse i Hoskelie omfattar 40 fritidsbustader. Det er etablert køyreveg fram til dei fleste hyttene. Eit krav til hyttene har vore at bygningsmassen er brote i fleire volum og det er stilt krav om god til terrengetilpassing med øvre grense for tillatt terregnbearbeiding. Tomtene er generelt veldig godt plassert inn i og ved vegetasjonsklynger og inntil terrenghformer.



Figur 23. Reguleringsplan for Hoskelie

Ei fortetting av området vil på same måte som eit utvida areal, jf. område F07 kunne påvirke landskapskarakteren for delområde 3. Det er ikkje stipulert noko omfang av ønskja fortetting av eksisterande felt, men som utgangspunkt for å fortette feltet har vi sett på verknaden av å utvide talet på bebyggelse med forholdsvis 25 % (10 nye einingar) og 50% (20 nye einingar).

Skildring av verknad på landskapskarakteren:

- Direkte arealinngrep: Det vil bli etablert nye byggjeområde mellom eksisterande bygg, og det må ventast at nye plasseringar vil jamt over ha meir eksponerte plasseringar enn dagens bygg har. Det er område mellom Gåpåvegen/Gåpåslyngen og Hoskelivegen som kan ha eit visst potensial for ny bebyggelse. Oppnår ein godt rom mellom hyttene slik at så god tilpassing mot vegetasjon og terreng er mogleg, vil ein kunne gjennomføre eit potensiell, ny utbygging med 10 relativt gode tomteplasseringar, vurdert til å ha Liten negativ verknad (-) på delområdet sin landskapskarakter.



Figur 24. Områder med vurdert fortettingspotensial i eksisterande byggjefelt Hoskelie.

- Arealinngrepet vil vera større dersom talet på hytter ønskast auka med 50 %. Det ventast at utnytta areal mellom eksisterande tomter vil måtte nyttast, eller ein må ta i bruk nye areal som ligg høgare opp enn eksisterande felt. Ei utbygging med eit slikt omfang vil gje større verknad for landskapskarakteren da ein vil måtte nytte meir eksponerte tomteplasseringar og verknaden vert større fordi omfanget vil bryte med etablert tettheit mellom hyttene. Ei ny utbygging med opptil 20 nye tomteplasseringar, er vurdert til å ha Middels negativ verknad (--) på delområdet sin landskapskarakter.

Samanholdt med verdien av delområdet; **Stor verdi**, gjer følgjande grad av konsekvens;

Fortetting 25 %

ei fortetting av eksisterande byggjeområde i Hoskelie med 25 %, opptil 10 nye tomteplasseringar, vurderast til å ha: **Middels negative konsekvensar (- -)**.

Fortetting 50 %

Ei fortetting av eksisterande byggjeområde i Hoskelie med 50 %, opptil 20 nye tomteplasseringar, vurderast til å ha: **Store negative konsekvensar (---)**.

4.8 Delområde 2 Maurvangen

4.8.1 Fastsetting av landskapskarakter

Forhold ved landskapet	Skildring	Betydning for landskapskarakteren (stor - middels - liten)
Landskapets innhold		
Landform og vann	Ope landskap som strekk seg mot fjellet og tregrensa. Maurvangen ligg i skrånande terrenget, orientert mot nord-vest, mot Sjoa som har ganske stor fart og opplevast mektig.	Middels/Stor
Vegetasjon	Fjellskog dominert av bjørk der botnvegetasjonen varierer mellom rik, med gras og urter til fattig med mose og lav. Sjå temakart treslag. Vegetasjonen har preg av at det opne landskapet er vindeksponert. Fleire opne areal knytt til bebyggelse og myrdrag.	Middels
Arealbruk og bebyggelse	Eit større areal av delområdet er i bruk til heilårsdriven campingplass med teltområde, caravan og hytter for utleie. Kafe og bustader for tilsette inngår også.	Middels/Stor
Kulturhistoria i landskapet	Spor av gammal bruk (fangstanlegg) ned mot Sjoa (Sjå temakart kulturhistorie/temakart utmarksressursar). Maurvangen camping er etablert og utvida gradvis frå 80-talet og fram mot i dag.	Middels/liten
Kulturelle referanser	Maurvangen forbindes med Valdresflye, Gjende og Besseggen som er nasjonalt kjente landskap. Landskapet knyttes til Jo Gjende med gammel jakt og fiskekultur, og Besseggen og aust-jotunheimen som er utbredt mål i næringsutvikling innan fjellturisme. Gjende, det vil si Gjendeosen og Reinsvangen, er eit av tiltakspunkta på Nasjonal turistveg Valdresflye, kor Gjende er peika ut som eit av tre nasjonale «ikonpunkt».	Stor
Romlig-estetiske forhold	Landskapet er i liten - middels skala. Sjoa og Fv. 51, samt campingplassen utgjer referansepunkta i landskapet. Bebyggelsen er konsentrert ned mot vegen og elva. Lenger opp i lia overtek snaujellet raskt og all bebyggelse er lokalisert i fjellbjørkeskogen.	Liten/Middels
Endrings- og vedlikeholdsprosesser		
Aktive naturprosesser	Vindeksponering, viderosjon, framherskande vindretning frå vest. Mola som er sidevassdrag til Sjoa har hatt flaumtilfelle som har ført til erosjonsskader i nyare tid.	Liten
Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, anna utmarksbruk	Beitebruk til sau og reindrift, nær flyttveg for tamreindrift (sjå delområde 3). Fiske i Sjoa og Øvre Sjodalsvatn er attraktivt.	Liten
Bygge- og anleggsverksemde Transport	Maurvangen camping er tydeleg med på å definere området i landskapet. Fv. 51 over Valdresflye er vinterstengt i perioda desember-april, og endepunktet ligg ved innkjøringa til delområdet.	Middels/Stor

Sammenheng og brot					
Geografiske og romlege	Oversiktleg og ope skrånande landskap. Området er prega av utbygginger av campingplass, veger og bruene over Sjoa. Ny bebyggelse og infrastruktur vil påvirke det geografiske og romlege inntrykket av området, særskilt om denne lokaliseres i avstand til eksisterande tiltaksområde.				Middels/Stor
Funksjonelle	Det er høg aktivitet i området knytt til vårsikesong og i sommarsesongen. Tiltaka er lokalisert på eit forholdsvis avgrensa område.				Middels
Historiske	Det har skjedd ei gradvis transformering av bruken av området i retning fritids- og turistverksemd i dei seinaste tiåra.				Middels
Nøkkelelement					
Naturskapte Nøkkelelement	Vassdragsnaturen i og rundt Sjoa. Siktlinene mot Knutshøe, Austjotunheimen og Gjende.				Stor
Menneskjeskapte nøkkelelement	Vegen og gangbrua over Sjoa er nøkkelelement knytt til ferdsel og transport. Ved vinterstengt veg over Valdresflye kan bommen vera ei menneskjeskapt referanse til området. Campingplassen er viktig element i stadsforståinga.				Middels/stor
Landskapskarakter: Området karakteriseres av fjellbjørkeskogen i ei li som strekk seg fra snaufjellet i sør og ned til Sjoa. Vassdragsnaturen knytt til Sjoa er sterkt med på å definere landskapet i delområdet. Området er temmeleg sterkt påvirkta av utbygging til turistformål med camping/hytteutleie og fleire større infrastrukturtiltak, t.d. Fv. 51 og bruer over Sjoa. Tiltaka er av ein slik storleik at den er med på å definere staden og landskapsforståinga. Det er sterke kulturelle referansar som knytes til området, knytt til fjellturisme, med Besseggen, Valdresflye og Gjende som nasjonalt og internasjonalt kjende opplevingar.					

4.8.2 Landskapsverdi

Verdikriteria	*	**	***	****	*****	Grunngjeving
Mangfold og variasjon				x		Området representerer overgangssona i den øverste fjellbjørkeskogen i Sjodalen. Sjoa utgjer ein sterk referanse som gjevariasjon
Tidsdjup og kontinuitet				x		Lang historisk bruk med utmarksressursar t.d. jakt og fiske samt skogbruk.
Heilskap og samanheng					x	Det er overgangssona mot fjellet som gjevar størst samanhengsverdi. Sjoavassdraget krossast av bruar i området, desse kan vera med på auke opplevelsesverdiane knytt til vassdraget. Samla gjevar dette verdi over regional samanheng.
Brudd og kontrast			x			Campingplassen ved Maurvangen, saman med Fv51 og bruene, utgjer ein tydeleg kontrast med natur- og vassdragsnaturen.
Tilstand og hevd		x				Delar av området er prega av tidvis intens bruk. Området er halde i god hevd.

Inntrykkstyrke og utsagnskraft				x	Horisontlinene mot fjella i Aust-Jotunheimen tiltrekker spesiell merksemrd. Det er likevel Sjoavassdraget som utgjer tiltrekker spesiell merksemrd og vektleggjast med høg verdi.
Lesbarheit		x			Det samanhengande vassdraget med vatnet gjev landskapsrommet lesbarheit. I dei utbygde delane av området er lesbarheten mindre.
Tilhørigkeit og identitet			x		Sjodalen som ressursgrunnlag blant folk busett i dalane er med på å skape tilhørigkeit til landskapet. Området har bygde kvalitetar som etterspørres for landskapsopplevelser i området og i fjella rundt studieområdet.
Samla verdi med grunngjeving: Middels verdi					Landskapet har stor verdi knytt til vassdragsnatur og ovegangssone mot fjellet. Dei lange horisontlinene mot fjella i Aust- Jotunheimen er med på å auke verdien. Området har og viktige spor etter tidlegare tids bruk og det er sterke, kulturelle preferansar til staden. Verdivurdering blir lokalt påvirkta av intens bruk, og høg grad av tilretteleging og bebyggelse. Dei regionale og nasjonale verdiane er i liten grad påvirkta negativt når ein ser landskapet i ein større skala.
					
Figur 25. Bilde frå innkjøringa til campingplassen på Maurvangen. (Delområde Maurvangen)					

4.8.3 Konsekvens for delområde

Arealet som er foreslått til utbyggingsområde er om lag 14 daa. I dette området er det tenkt plassert ei utbygging som dreier seg om eit garasjebjøgg og in bustad for sesongarbeidarar, i storleiksorden ei hytte. Delar av arealet som er foreslått er ikkje eigna til utbyggingsformål (myr) og det er venta at denne bebyggelsen plaserast i den låg høgda inn mot fylkesvegen, ned mot innkjøringa til Maurvangen. Illustrasjonen må sjåast i samanheng med inntrykket av bjørkeskogen, (sjå bilde) Vegetasjonen er anslått å vera 5-6 meter høg på den aktuelle tomta.




Figur 26. Utbyggingsområdet ved Maurvangen.

Skildring av verknad på landskapskarakteren:

- Direkte arealinngrep: Eit område på 3-5 daa vil bli omgjort til byggjeområde for tilverversformål/bustad.
- Visuell fjernverknad: Området har ein del tyngre tiltak plassert i nærområdet i dag. Reinsvangen og Maurvangen er område som i stor grad er teken i bruk til ervervsformål og infrastruktur tilknytt fritids og turistverksemd i området. Området er eit knutepunkt for aktivitet i denne delen av Sjodalen, og endepunkt for biltrafikken i vinterhalvåret, med dagens vegdrift over Valdresflye. Fjernverknaden vil vera påverka av høgda på bebyggelsen og korleis vegetasjon kan beholdes for å skjerme den visuelle verkandena av utbygginga. Takform og fargeval er relevant i denne samanhengen.



Figur 27. Illustrasjon av nærverknad frå Maurvangen.



Figur 28. Illustrasjon av nærverknad frå Sør .Perspektiv frå Fv. 51 . Valdresflyvegen.

Liten negativ verknad på delområdet sin landskapskarakter

Samanholdt med verdien av delområdet; **Middels verdi**, gjer at utbyggingsforslaget vurderast til å ha: **Små negative konsekvensar (-)**.

5 Vurderingar og tilråding for vidare arealplanlegging

5.1 Avsluttande drøfting

5.1.1 Samandrag av konsekvensar ved utbygging som foreslått i kommuneplan

Verknad Verdi	Stor negativ verknad	Middels negativ verknad	Liten negativ verknad	Positiv verknad
Svært stor verdi	Svært store negative konsekvensar ----	Store negative konsekvensar ---	Middels negative konsekvensar --	Positive konsekvensar
Stor verdi	Store negative konsekvensar ---	Store negative konsekvensar ---	Middels negative konsekvensar --	Positive konsekvensar
Middels verdi	Middels negative konsekvensar --	Middels negative konsekvensar --	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar
Liten verdi	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar
Ubetydeleg verdi	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Små negative konsekvensar -	Positive konsekvensar

Figur 29. Grad av konsekvens.

Konsekvens av utbygging av fritidsbustader på Sjodalshaugen, som foreslått, vurderast til å ha: **Små negative konsekvensar (-)**, og **Middels negative konsekvensar (- -)** for den delen som er vendt mot Sør, Nedre Sjodalsvatnet.

Konsekvens av utbygging av fritidsbustader i Hoskelia, som foreslått vurderast til å ha: **Store negative konsekvensar (- - -)**.

Konsekvens av utbygging av garasjeanlegg/bustad for sesongarbeidrarar ved Maurvangen, vurderast til å ha: **Små negative konsekvensar (- -)**.

5.1.2 Forslag til tiltak i kommuneplan

Generelt har analyseområdet ei høg verdisetting. Dette begrunnes i landskapskarakter gjennom historisk bruk, nærskap til verneområde, høgtliggende og sårbar vegetasjon og kulturell betydning i fritids og turistaktivitet i dag. Foreslalte utbyggingstiltak som har vorte skildra å kunne gje middels- og store negative konsekvensar er gjennomgått her for å drøfte tiltak som kan gjerast i kommuneplanen for å seinke graden av konsekvens av den foreslalte utbygginga.

Område	Konsekvens	Tiltak i kommuneplan
F06 Sjodalshaugen	Middels negative konsekvensar - -	<p>Størsteparten av det foreslalte området F06 Sjodalshaugen gjev små negative konsekvensar, og kan vidareførast i planforslaget utan tiltak for å avbøte landskapsverknad. Det er utbyggingsforslagets verknad frå Nedre Sjodalsvatnet som gjev høg konsekvensgrad. For å seinke grad av konsekvens for landskap må tiltaksområdet halde ein større avstand til strandlinna enn det som er foreslått. Ei litt større avgrensing slik at strandsona blir mindre berørt, vil gjere at utbyggingsforslaget får Små negative konsekvensar (-). Dette avbøtande tiltaket vil føre til at om lag 5-10 tomter med høg potensiell salsverdi, blir borte, da det antas at tomtene med utsikt mot Sjodalsvatnet vil vera attraktive.</p> <p><u>Tilråding:</u> Det foreslalte utbyggingsområdet bør reduserast slik at det sikrast ei større strandsone mot Sjodalsvatnet. Med dette avbøtande tiltaket vil utbyggingsområdet ha Små negative konsekvensar (-) for landskap og kan tilrådast.</p>
F07 Hoskelie	Store negative konsekvensar - - -	<p>Det foreslalte utbyggingsområdet F07, i Hoskelie er vudert til å kunne gje Store negative konsekvensar (- - -). Graden av konsekvens begrunnes med låg toleranse for denne typen inngrep i sårbar naturområde, med høg bruksverdi. Ved å avgrense forslaget til bebyggelse til å omhandle bygging av fritidsbebyggelse langs eksisterande vegtrasse (Hoskelivegen), vert omfanget vurdert til å vera om lag 15-20 tomter. Et avbøtande tiltak med å redusere utbyggingsforslaget i omfang, som følgjast opp med god terrengrilpassing, vil gje ein Middels negativ konsekvens for landskap (- -).</p> <p><u>Tilråding:</u> Det foreslalte utbyggingsområdet bør reduserast. Det er ikkje tilstrekkeleg med spesiell oppfølging av</p>

		terrengtilpassing for å sikre at konsekvensane for landskap blir redusert, og ein reduksjon til 15-20 tomter langs Hoskelivegen, synast naudsynt for å for å kunne redusere konsekvensgraden. Med desse avbøtande tiltaka vil utbygginga også gje Middels negative konsekvensar (--) for landskap, og avhengig av korles ein vektlegg landskapsområdet i planarbeidet, bør ein vurdere å seie nei til utbyggingsforslaget.
Maurvangen garasjeanlegg/tenestebustad	Små negative konsekvensar -	Tilråding: Det foreslårte utbyggingsområdet ved Maurvangen, vurderast til å ha Små negative konsekvensar (--), og kan tilrådast.
Fortetting av eksisterande byggjeområde i Hoskelie	Middels negative konsekvensar --	<p>Fortettingspotensialet i eksisterande byggjeområde i Hoskelie er vurdert til å ha Middels negative til Store negative konsekvensar for landskap, avhengig av kor stor fortetting som er ønskja oppnådd. Det er vurdert at det kan gjerast opptil 10 nye tomteplasseringar i byggjeområdet. Avbøtande tiltak for å avgrense konsekvens vil vere nøyaktig tomteplassering med strenge krav til terrengbearbeiding.</p> <p>Tilråding Eit fortettingspotensial på opptil 10 nye tomteplasseringar er vurdert til å gje Middels negative konsekvensar (--) for landskap. Avbøtande tiltak vil kunne avgrense konsekvens av utbygginga, og ei fortetting av eksisterande byggjeområde i Hoskelie med opptil 10 tomter kan tilrådast om avbøtande tiltak følgjast opp.</p>

